



Terje Kleivdal ENK
Vassbygdvegen 119
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1360 - 14/4007

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:
21.03.2014

Manglar ved søknad om byggjetiltak på gbnr. 1/381 i Meland kommune

Det vert vist til dykkar søknad om ansvarsrett dagsett 21.1.2014 og vår etterfølgjande telefonkorrespondanse om den vidare handsaminga av saken hos kommunen. Telefonkorrespondansen kan i det vesentlegaste oppsummerast som følgjer:

Gjennom søknad innstempla 16.9.2013 søkte Frode Mo om løyve til bruksendring mm. på gbnr. 1/381 i Meland kommune, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-2 (arkivsakID 13/1497). Søknaden vart avvist av kommunen som vesentleg mangelfull, jf. brev frå administrasjonen dagsett 14.11.s.å. Avvisinga var i hovudsak grunngjeve med at bruksendringa og dei aktuelle byggjearbeida må omsøkjast av eit føretak med ansvarsrett, jf. pbl. § 20-1.

Gjennom dykkar brev m/ vedlegg av 21.1. d.å. er det søkt om ansvarsrett under tilvising til den avviste søknaden frå Frode Mo. Dykkar søknad om ansvarsrett omfattar funksjonen SØK og funksjonen PRO innanfor fagområdet arkitektur. I tillegg har andre føretak søkt om ansvarsrett for PRO og UTF av høvesvis sanitæranlegg og tømrerarbeid.

Kommuneadministrasjonen kan førebels ikkje handsame dei føreliggjande søknadane om ansvarsrettar, ettersom søknaden frå Mo allereie er avvist og at det planlagte tiltaket dermed er avhengig av at det vert sendt inn ein komplett ny søknad i samsvar med pbl. § 20-1, attar jf. § 21-2 og Byggesaksforskriften kap. 5.

I samband med eventuell innsending av ny søknad må ansvarleg søkjar sjå til at tiltaket er i samsvar med både lov- og plangrunnlaget, jf. pbl. § 23-4. Det må mellom anna takast stilling til om tiltaket er i samsvar med gjeldande arealføremål, om reguleringsplanen opnar for ytterlegare bueiningar på eigedommen og om krava til naudsynt tilknytning til infrastruktur, parkeringsdekning, uteoppfallsareal mm. for den nye bueininga i så fall vert oppfylte. Det følgjer elles av pbl. § 31-2 at tiltaket som utgangspunkt må stette krava som gjeld for etablering av nye bueiningar i Plan- og bygningsloven med tilhøyrande, byggteknisk forskrift (TEK10). I tillegg må søkjar sjå til at alle aktuelle fagområde er belagt med ansvar, under dette óg uavhengig kontroll i samsvar med TEK10 kap. 14.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom tiltaket likevel vert i strid med lov- og/eller plangrunnlaget vil den omsøkte bruksendringa vere avhengig av at planendring(er) eller dispensasjon(ar) vert omsøkt og vedteke.

Saka vert etter dette lagt i kommunen sitt ventearkiv, i påvente av eventuell innsending av ny søknad.

Med helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Frode Mo

Flatøyvegen 7

5918

FREKHAUG

